

Fra: Per Inge Vik [peringevik@gmail.com]
Sendt: 27. mai 2015 19:02
Til: Postmottak KUD; Karin
Emne: Høyring om søndagsopne butikkar

Kjære Thorhild Widvey,

I norsk språk er vi så rike at vi har eit ord som heiter "helg". På mange andre språk finst ikkje dette ordet, - på engelsk, t.d. har dei berre "weekend". Helg betyr noko heilagt. På spansk heiter det "Dominica", som betyr "Herrens (dag)".

Søndag er vår helgedag. Den er annleis enn kvardagen. Eg er ein av dei mange som gjerne vil at vi skal bevare helgedagen, fri for shopping.

Eg ser mange sterke grunnar for å halde på søndagsstengde butikkar. Her er 6 av dei:

- norsk tradisjon om helgefred
- at flest muleg menneske har ein felles fridag i veka
- at varene ikkje skal bli dyrare
- at butikkar i grisgrendte strok og i bysentra skal klare seg i konkurransen
- at ikkje materialismen skal få eit endå større grep over folk
- at ikkje forureininga skal bli endå større (vareutkøyring på søndagar)

Kjære minister: trekk forslaget om søndagsopne butikkar! Det er inga skam å snu.

Vh

Per Inge Vik
Lars Pettervegen 8
6260 Skodje